



VESTNES KOMMUNE

Administrasjonssjefen

Det kgl. Kommunal- og Regionaldepartement
Postboks 8112 - Dep.

Vestnes, 02.02.2005

0032 OSLO

Vår ref.
000839/05

Saksnr.
04/01168

Dykkar ref

Arkivkode
024 &13

Saksbehandlar
Odd Jarle Talberg

HØYRING - DISTRIKTSKOMMISJONEN M.M. NOU - 2004:19 og KOU - 2004:12.

Vedlagt finn de vedteken høyringsuttale frå Vestnes kommune i Møre og Romsdal vedtatt av Vestnes formannskap 31. januar 2005.

Helsing

Odd Jarle Talberg
Saksbehandlar

Vedlegg:

1. Møteprotokoll

Kopi til: Arkiv

Saksprotokoll

Utvalg: Formannskapet
Møtedato: 31.01.05
Sak: 0009/05

Resultat:

Arkivsak: 04/01168
Tittel: **HØYRING: DISTRIKTSKOMMISJONEN M.M. NOU-2004:19. KOU-2004:1.**

Samrøystes vedteke, som innstillinga og framlegg framsett i møtet.

Vedtak:

Formannskapet sitt endelege vedtak:

Vestnes kommune har behandla og vurdert forslag til regionalisering etc. og vil uttale følgjande i høyringssaka - så langt:

- 1. Vestnes kommune ønskjer ikkje oppretting av ein stor, folkevald landsdelsregion til erstatning for dagens fylke / fylkeskommune. Ei slik endring blir etter Vestnes kommune si meining, ikkje nokon god folkevaldreform med tanke på nærleik til innbyggjarane.
Det kan synest som om både KS / Selstad og fleirtalet i Distriktskommisjonen har landa på ein blåkopi av avtalen som det danske folketingsfleirtalet gjorde i 2004. Dei nye regionane i Danmark skal frå 2007 m.a. styre med sjukehusdrift. Danskane har funne ut at det er behov for 400-700.000 innbyggjarar som grunnlag for effektiv sjukehusdrift. Eit særtrekk ved Danmark, er at landet har 130 innbyggjarar pr.km² - medan Noreg har 15! Då er det interessant - at ei konservativ gruppering i Danmark - vil halde på tre folkevalde nivå.*
- 2. Vestnes kommune ønskjer heller ikkje å gje slepp på lokaldemokratiet og det folkevalde nivået i primærkommunen til fordel for eit nytt folkevald nivå knytt til ein større regionkommune. Vestnes kommune samarbeider også i dag med einskildkommunar og grupperingar av kommunar. Det kan vere rett å utrede korleis ein best kan etablere, finansiere og effektivisere slike forpliktande regionkommuneordningar, men altså ikkje, dersom det inneber at innbyggjarane misser primærkommunen som folkevald nivå.*
- 3. Regjeringa må leggje til rette for utprøving av nye organisasjonsformer i utøvinga av den "smale distriktpolitikken." I den samanheng må private næringslivsaktørar i ein region involverast i dei formelle beslutningsprosessane saman med dei offentlege aktørarane.
Ei regionalisering etter "ABS-kommuneinndelinga" kan høve godt med tanke på behovet for lokalkunnskap.*
- 4. Dersom Vestnes kommune skulle kome i ein "tvangs-situasjon" med tanke på ny regionalisering og/ eller ny kommunestruktur, må oppgåvene som kommunenivået eventuelt skal overta frå stat / fylke - bli klårgjort i detalj. I tillegg må det gjennomførast folkerøystingar i kommunen der det kan stemmast over eventuelle alternativ.*

Rett utskrift: 02.02.05, politisk sekretariat, OJT.